

Kommunedelplan kultur, idrett og friluftsliv for Alver – Innspel frå Alver Idrettsråd

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur har lagt planprogrammet for Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv ut på høyring. Høyringsfristen er 28.februar 2022.

Alver idrettsråd vil med dette gje nokre innspel i det vidare planarbeidet

Idretten sin plass i lokalsamfunnet

Idretten er den største folkerørsla i Norge. Den skaper grunnlag for betre folkehelse, auka deltaking og meir inkludering. Frivilligheita er sjølve «limet» i lokalsamfunnet, med sine sosiale aktivitetar på tvers av sosiale skiljelinjer, og skaper viktige arenaer for fellesskapet.

Idretten og det offentlege har felles mål for utvikling av idrett og fysisk aktivitet i samfunnet

Kva kan idretten bidra med i utvikling av Alver-samfunnet?

- Norges Idrettsforbund sin visjon er: «Idrettsglede for alle» og idrettsrådet sitt mål er å arbeida for best mogeleg vilkår for utøving av idrettslege aktivitetar i kommunen.
- Gode verdiar er grunnmuren i alle idrettslag
- Korleis byggja trygge og gode klubbmiljø – behandla kvarandre med respekt – trygg på trening
- Lokale arenaer (baner/lokale) som er i tilfredsstillande stand. Drift og vedlikehald av kommunale anlegg er av avgjerande betydning for dei som skal gje eit tilbod om aktivitetar til alle sine medlemmer.
- Driftstilskot og Stønad til drift og vedlikehald av private idrettsanlegg – **føreseielege rammer**
- Gratis tilgjenge for born/ungdom t.o.m. 19 år
- Samarbeid om målet om at alle skal få vera med, også dei med spesielle behov
- **Idrettsrådet skal fremja idretten sine saker, jfr Samarbeidsavtalen med kommunen, og me meiner det ville vore på sin plass at idrettsrådet var representert i prosjektgruppa for utarbeiding av Plan for kultur, idrett og friluftsliv (ikkje berre i ei referansegruppe). Det same gjeld kulturrådet.**

- **Idretten treng føreseielege rammer for utøving av si verksemد.** At tilskot til kultur og idrett er redusert med mest 15% frå 2021 til 2022 er direkte urovekkjande – særleg med omsyn til dei utfordringane som vil komma etter pandemien.
- **Åpent og ærleg tillitsforhold mellom idrettslag/idrettsråd og kommunen**
 - Gje alle høve til å utøva idrett og vera i aktivitet ut frå sine eigne interesser og ambisjonar
 - Medverka til at alle får vera med, uavhengig av økonomisk situasjon, sosial bakgrunn eller funksjonsevne
 - Bistå idretten og finna løysingar på spørsmål dei vil ta opp med kommunen
 - **Idrettsrådet er godt nøgd med at Alver kommune har tilsett idrettskonsulent. Han yter god hjelp i vårt arbeid**
 - Idrettsrådet skal vera ein bindelekk mellom idrettslaga, kommunen og Idrettskretsen

■ **Verdien av tenestene og tilbodet lag og organisasjonar gir?**

- Frivillige organisasjonar yter store økonomimske bidrag til samfunnet gjennom tenester og omfattande uløna innsats. For Alver var dette for 2018 rekna ut til å vera om lag 85 millionar kroner berre for idretten .
- Alver kommune har 38 idrettslag med om lag 70 ulike aktivitetar og eit totalt medlemstal på om lag 8600. Det har i løpet av koronaperioden vore ein nedgang på over 10%, noko som er særslig urovekkjande. Kva kan kommunen bidra med i arbeidet for å få desse attende til idretten? #

Merknad: Åra 2020 - 21 har vore eit ekstraordinær år grunna korona, noko både idrettsrådet og kommunen må ha med i sine planar for dei kommande åra. Fråfall kan vera øydeleggjande både for idretten og for lokalsamfunnet

- **Idretten sin eigenverdi:**
 - oppleveling av glede, meistring, felleskap og trygge oppvekstvilkår
- **Idretten sin nytteverdi**
 - helsefremjande – psykiske og sosiale ferdigheter
 - opplæring/øving i leiarskap

- **Haldningskapande arbeid**

- Alle må få vera med – alle må føla at dei har ein verdi
- Rusfri idrett
- Ingen trakassering

Nokre spørsmål i det vidare arbeidet?

- Private kontra kommunale idrettsanlegg?. Hva tenkjer kommunen/idrettslaga?
- Kva anlegg har vi nok av?
- Kva anlegg/aktivitetar manglar? Plan for anlegg som manglar?
- Er det avsett areal til framtidige idrettsanlegg?
- Nærmiljøanlegg kontra sentralanlegg?
- Drift og vedlikehald av kommunale/private anlegg ?
- Drift/vedlikehald kontra etablering av nye anlegg?
- Kulturhus/symjehall – viktig å få på plass, men frivilligheita kan ikkje drifta dette.
Idrettsrådet vil her merkja at idrettsrådet førebels har hatt liten innverknad på denne saka.
- Leggja til rette for at innbuarane har mogelegheit til gratis lån av utstyr til trening og friluftsliv - BUA
- Sørgje for, i samarbeid med idretten, at fleire fritidsaktivitetar blir tilrettelagt for alle, slik at og born med funksjonsnedsetting og kroniske sjukdommar kan delta. **Dette er sentrale spørsmål som må gå inn i ein idrettsplan**

Ta heile kommunen i bruk

- Alver er ein kommune med spreidd busetnad og store avstandar. Det er viktig at barn har gode tilbod i nærlieken av der dei bur
- Korleis skal vi sikre gode anlegg i periferien?
- Kan vere utfordringar knytt til drift og vedlikehald
- Særidretter kan spesialiserast nokre plassar

Oppsummering:

- **Idrettsrådet skal fremja idretten sine saker, jfr Samarbeidsavtalen med kommunen, og me meiner det vil vera på sin plass at idrettsrådet vert representert i prosjektgruppa for utarbeiding av Plan for kultur, idrett og friluftsliv (ikkje berre i ei referansegruppe). Det same gjeld kulturrådet.**
- **At kommunen føl samarbeidsavtalen når det gjeld viktige saker for idretten**
- **Tilskot til idretten – føreseielege rammer**
- **Idrettsplan for kommunen**
 - Utgreia behov
 - Kva manglar/kva kan bli betre?
 - Tilbod i heile kommunen
 - Areal til mogelege nye arenaer må setjast av i arealplanen
 - Tiltak for å nå måla
 - Beredskap?
 - Kulturhus/symjehall – viktig å få på plass, men frivilligheita kan ikkje drifta dette. Vedlikehald/drift av eit slikt anlegg må ikkje gå ut over andre idrettslege aktivitetar i kommunen
 - Knarvik må framstå som eit sentralidrettsanlegg i god stand
- **Lokale arenaer (baner/lokale) som er i tilfredsstillande stand. Drift og vedlikehald av kommunale anlegg er av avgjerande betydning for dei som skal gje eit tilbod om aktivitetar til alle sine medlemmer.**
- **Stønad til drift og vedlikehald av private idrettsanlegg**
- **Gratis tilgjenge for born/ungdom t.o.m. 19 år**
- **Samarbeid mot målet om at alle skal få vera med. idretten må vera ein viktig arena og for dei med spesielle behov. Her kan idrettskontaktar vera eit godt tilbod**

Verdiar:

- **Barn/unge erfarer å ta omsyn til andre ved deltaking i organisert aktivitet, dette er viktig del av oppveksten og «danninga»**
- **Uorganisert aktivitet er og kjempeviktig, og at kommunen ser breidda i kultur/idrett/aktivitet**

Åpen, ærlig og gjensidig respekt i vårt samarbeid er nøkkelen til suksess for Alver kommune, Alver idrettsråd og alle dei 38 idrettslaga i Alver kommune. Idretten er på same måte som andre frivillege ein ressurs for kommunen, ein ressurs som må takast vare på og vidareutviklast på ein positiv måte. Me må ta vare på og utvida spekteret av aktivitetar. Målet må vera at alle finn ein aktivitet som høver for alle.

Haldningskapande arbeid

- Alle må få vera med – alle må føla at dei har ein verdi
- Rusfri idrett
- Ingen trakassering

Leggja til rette for at innbuarane har mogelegheit til gratis lån av utstyr til trening og friluftsliv. BUA er her eit godt tilbod

Sørgje for, i samarbeid med idretten, at fleire fritidsaktivitetar blir tilrettelagt for alle, slik at og born med funksjonsnedsetting og kroniske sjukdommar kan delta

•

Eldsjelene må takast vare på og setjast pris på

Alver kommune må ha som mål å vera ein kommune der idrettsgleda blømer kvar dag